



3 av 4 frå Venstre som møte i kommunestyret i dag var frå Uskedalen: Kjell Yri, Kristian Bringedal og Bjarne Lilleaas.

Sats på Husnes og Rosendal!

Det var Venstre sin ordførarkandidat Kjell Yri frå Uskedalen som kom med denne oppmodinga då kommunestyret i dag drøfta komunen si årsmelding for fjoråret.

Han understreka at

Husnes som senter no har vorte så stort at ein er nødt til å støtta ein vidare utvikling der

Yri trakk fram kulturskulen som eit døme - det vil bli ein positiv institusjon for heile kommunen. Han anbefalte også ein vidare skuleutvikling med enda fleire liner på Husnes.

Yri fann også fleire positive trekk i Rosendal som eit senter for vidare utvikling og trakk fram mellom anna Steinparken, den nye båthamna og båten Gurine som no kjem,

Kommunestyret var rause med rosen til ei positiv årsmelding og det var også Yri. Han slo fast at det har gått godt i Kvinnherad med auke i arbeidsplassar, bustadbyggjing og utdanningsnivå. Fleire må dela på æra for denne utviklinga - næringslivet, folket sjølv, kommuneadministrasjonen, politikarane og fleire

Men det er og utfordringar, som samferdsle i eigen kommune og ut av den, ny kraftkontrakt til Sørø, fleire kunnskapsbaserte arbeidsplassar, kommunale tenesteytingar, pleie og omsorg og skule

Pleie og omsorg kostar for mykje samanlikna med andre kommunar. Rosendalstunet skal byggjast ut og Husnestunet oppgraderast. Demens aukar kraftig og det må opprettast spesialavdeling for dei tyngste brukarane, understreka ordførarkandidaten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen